



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 30.04.2018
Vår ref.: 2018/9752-5
Saksbehandlar: arvhaug
Dykkar ref.:

Fråsegn til plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - varsel om offentleg høyring og ettersyn - instansar

Vi viser til brev datert 20.03.2018 om høyring av forslag til *detaljregulering* for Mangervåg kloakkanlegg, planID 1260201700060. Hovudføremålet i planen er etablering av kloakkanlegg på Mangervåg. Føremålet er i samsvar med kommuneplan der området er sett av til industri, vegareal og framtidig gang/sykkelveg. Det er vurdert at kommuneplan opnar for å detaljregulera for ynskja føremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing

Vurdering og innspel

Hordaland fylkeskommune vurderer planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Fylkeskommunen ser det som positivt at ein samlar dagens 3 eksisterande kloakkreinseanlegg i eitt anlegg. Plandokumenta syner ei grundig gjennomgang av konsekvensar og verkander av planen, og Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planen.

Kulturminner

Fylkeskommunen har ingen merknader til planen, men minner om at Bergens Sjøfartsmuseum har sendt følgande fråsegn:

«Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Mangervåg kai, Radøy kommune som kan bli direkte råka av tiltaka. Me har indikasjonar på at staden har vore nytta til ankringsstad. Tiltaka er avgrensa i storleik. Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigje området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegndene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne».

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til planen.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Arvid Hauge
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Arvid Hauge, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA
Gunnhild Raddum, transportplanseksjonen, samferdselsavdelinga
Sigrun Wølstad, kultur- og idrettsavdelinga, fylkeskonservatoren

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland